

Tilskot til læremiddel og pedagogisk barnehagemateriell

Søk om tilskot til å utvikle læremiddel for skole og pedagogisk barnehagemateriell på område utan marknadsgrunnlag.

TILSKUDDSORDNING | SIST ENDRET: 09.01.2024

Kven kan søke: Verksemder som lagar læremiddel (sjå spesifikasjon under)

Søknadsfrist: 15. mars 2024

Eigendel: drift, vedlikehald og tilgjengelegheit i fem år

Rapporteringsfrist: går fram av tilsegnet. Prosjekta kan ha ei ramme på inntil tre kalenderår.

Fire ulike område

Målgruppa for ordninga er elever og lærlingar i grunnopplæringa og barn i barnehage. Tilskotsordninga gir støtte til læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell innanfor fire ulike område:

- Smale fagområde
- Læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar
- Særskilt tilrettelagde læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell
- Refusjon for parallelle utgivingar

Kvart år blir det løyvd midlar til ordninga over statsbudsjettet. I 2024 er samla ramme om lag 90 millionar kroner. For kommande år vil løyvingane ligge i intervallet 70 til 100 millionar kroner.

Informasjon om utlysinga i 2024

I søknadsbehandling vil midlane bli fordelt slik mellom dei ulike områda:

- 25 til 35 millionar til smale fagområde
- inntil 2 millionar til kvensk og finsk (øyremerkt under smale fagområde)
- 20 til 30 millionar til læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar
- 15 til 25 millionar til særskilt tilrettelagde læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell
- inntil 5 millionar til parallelle utgivingar

Med atterhald om justeringar. Prioriteringane for kvar enkelt område vil vere avhengig av prioriteringane i dei øvrige områda.



Malar for søknad og rapportering

Budsjettmal - tilskot til læremiddel

Undervegsrapportering – tilskot til læremiddel

Sluttrapportering – tilskot til læremiddel

Kven kan søke?

Offentlege og private verksemder som oppfyller dokumentasjonskrava kan søke om støtte.

Verksemder som får finansiering over statsbudsjettet til produksjon av læremiddel kan ikkje søke.

Privatpersonar kan ikkje søke.

Er verksemda di registrert utanfor Noreg? Ta kontakt før du søker.

Krav til søknaden

Formelle krav

- Søkar skal stå for drifta og vedlikehaldet av digitale komponentar i minst fem år frå dei er tilgjengelege. Trykte læremiddel og pedagogisk barnehagemateriell skal òg vere tilgjengelege i minst fem år frå dei er i sal.
- Drift, vedlikehald og tilgjengelegheit i fem år utgjer eigendelen i prosjektet. Søkar må levere prosjektbudsjett på oppsett mal i sin søknad der søknadssum, eigendel og eventuelle andre tilskot er oppgitt.
- Søkar må ha tilstrekkeleg og relevant kompetanse i prosjektgjennomføringa. Prosjektgruppa må i sum ha kompetanse som er fagspesifikk, pedagogisk/didaktisk og teknisk, samt ha kompetanse i pedagogisk bruk av IKT.
- For autentisering og tilgjenge til person- og gruppeinformasjon er det eit krav å nytte seg av Feide (gjeld nettbaserte tenester for grunnopplæringa).
- Tenester i Feide skal bruke leverandørerkjøring og tilgjengelegheitserklæring.
- Alle prosjekt skal ha ein plan for arbeidet med universell utforming.
- Sluttbrukar skal kunne ta i bruk digitale komponentar utan å bruke spesielle lisensbaserte tenester eller abonnement frå tredjepart. Dette betyr at brukaren kan nytte innhald og funksjonalitet i læremiddelet utan å måtte kjøpe andre tenester.
- Læremiddel skal merkast i samsvar med norsk standard NS 4180:2020 Læringsteknologi - Metadata for læringsressurser der utdanningsspesifikke eigenskapar i kap. 5.2.2 fyllast ut med referansar til Grep (den nasjonale læreplandatabasen for grunnopplæringa).
- Det skal brukast tekniske løysingar som gjer det mogleg å leggje til rette for omsetting til samisk.
- Søkaren skal, utan vederlag, sørge for å overlate innhald i elektronisk form til statlege produsentar av tilrettelagde utgåver til synshemja og lesehemja eller til personar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon.
- Læremiddelet/det pedagogiske barnehagemateriellet skal utviklast i samsvar med likestillingslova; det skal fremje likeverd, hindre diskriminering og ta omsyn til det fleirkulturelle samfunnet.

Lov- og forskriftskrav

For læremiddel gjeld følgende:

- Læremiddelet er utvikla til bruk i opplæringa og dekkjer heile eller deler av kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova.

For alle digitale produkt gjeld følgende:

- Læremiddelet/det pedagogiske barnehagematerialet er utvikla etter gjeldande lovverk for personopplysingar jf. personopplysningsloven.
- Læremiddelet/det pedagogiske barnehagematerialet er utvikla etter gjeldande lovverk for universell utforming jf. forskrift om universell utforming av IKT-løsninger.

Søkar kan bli beden om å sende inn dokumentasjon på at dei oppfyller kriteria før, under eller etter søknadshandsaming.

Dokumentasjonskrav

Utdanningsdirektoratet krev at følgende dokumentasjon kan leggest fram ved stikkprøvekontroll:

- Firmaattest frå Brønnøysundregistra, eller tilsvarende attest frå fagleg register frå det landet du er registrert.
- Attest for betalte skattar og avgifter som ikkje er eldre enn seks månader.
- Søkar må ikkje vere i pågåande gjeldsakkord eller konkursforhandlingar, og må ha ei finansiell stilling som gjer det mogleg å oppfylle oppdraget. Aktuell dokumentasjon:
 - Søkar si siste årsberetning til Brønnøysundregistra og nyare opplysingar som har relevans med omsyn til rekneskapstala til søkaren.
 - Søkar sin årsrekneskap eller utdrag av dette.
 - Erklæring om søkar si omsetning dei siste åra som har betydning for dette oppdraget.
- Søkar skal vere tilstrekkeleg fagleg og organisasjonsmessig kvalifisert til å oppfylle oppdraget. Informasjon som kan vere aktuell for å belyse dette er til dømes organisasjonsplan, årsrapport, talet på tilsette, samt tidlegare og løpande prosjekt finansiert gjennom tilskotsordningar hos Udir.

Nyoppretta foretak kan vise fram ei erklæring om drifta frå revisor til erstatning for årsrekneskap, årsberetning og omsetning dei siste åra.

Søkarar frå offentlege instansar er unnateke frå kravet om å dokumentere den økonomiske og finansielle stillinga si. Dette må grunngjevast skriftleg.

Vurdering av søknadar – generelle prioriteringar

Alle søknadar vert vurderte etter i kva grad dei møter prioriteringane. For ordninga gjeld nokre prioriteringar på tvers av områda, samstundes som kvar enkelt område har egne prioriteringar.

Udir har utvikla ei rettleiing for kvalitet i læremiddel. Den vert nytta til å vurdere læremiddel for innkjøp. Kvalitet i læremiddel har tre kategoriar:

- design/utforming
- pedagogisk og didaktisk kvalitet
- bruk av læreplanverket

I tilskotsordninga prioriterer vi prosjekt som synleggjer ein heilskapelig forståing for kvalitet i læremiddel. Søknaden skal vise korleis kvalitetskriteria blir brukt i eige produkt.

Vi prioriterer digitale læremiddel.

Du finn alt om Udir sitt arbeid med kvalitet i læremiddel på sida [«Hva er gode læremidler?»](#)

Pedagogisk barnehagemateriell

Med pedagogisk barnehagemateriell meiner vi materiell som er utvikla for bruk i barnehagen. Det kan være analogt eller digitalt. Materiellet tek omsyn til eitt eller fleire av dei sentrale elementa i rammeplan for barnehage, som verdigrunnlag, arbeidsmåtar og/eller fagområde.

For pedagogisk barnehagemateriell vil vi vektleggje:

- materiell av høg pedagogisk og didaktisk kvalitet. Prosjektet blir vurdert etter korleis søknaden viser at materiellet vil gjere bruk av rammeplanen for barnehagen. Søknaden bør seie noko om relasjonen til barnehagen sitt verdigrunnlag, barnehagen sine arbeidsmåtar og aktuelle fagområde i rammeplanen.
- at det pedagogiske barnehagematerialet har digitale og/eller fysiske eigenskaper som er tilpassa målgruppa og som støtter lek og læring på rammeplanen sine premissar.

I vurdering av søknadane vil vi leggje vekt på kor raskt prosjektet er ferdig slik at læremiddelet/det pedagogiske barnehagematerialet blir tilgjengeleg for brukarane.

Lenker som kan vere nyttige i søknadsprosessen:

For læremiddel:

- [Rettleiing for kvalitet i læremiddel: Påstandar og hjelpetekstar](#)
- [Omgrep som er nytta i skole/opplæring](#)
- [Støtte til å ta i bruk læreplanane](#)

For pedagogisk barnehagemateriell:

- [Rammeplan for barnehagen](#)
- [Støttmateriell til rammeplan for barnehagen](#)

Budsjettavgrensingar

Sjølv om eit prosjekt oppfyller dei absolutte krava og får ei godkjend vurdering, er det ikkje gitt at det vil få tilskot. Utdanningsdirektoratet har ei budsjettamme for tilskot til læremiddel og kan ikkje overskride denne. I 2024 er ramma for tilskotet på om lag 90 millionar kroner.

Det er ikkje satt ei øvre grense for søknadssum. Samstundes gjer direktoratet ein heilskapleg skjønnsmessig vurdering av søknadane der også budsjett er ein del av vurderingsgrunnlaget. Det betyr at ein nytte-kost-vurdering vil ta omsyn til at enkeltprosjekt ikkje kan legge beslag på ein for stor del av ramma. Vurderinga vil og ta omsyn til at teknisk utvikling ikkje legg beslag på ein for stor del av ramma for det enkelte prosjektet til fordel for innhaldsproduksjon.

I vurderinga av søknaden tar vi og omsyn til kostnaden for sluttbrukaren for læremiddelet/det pedagogiske barnehagematerialet. Det vil vere ein føresetnad at læremiddelet/det pedagogiske barnehagematerialet er prisa i tråd med andre og samanliknbare produkt for tilsvarende fag, område eller bruk.

Viss summen av prosjekt som er kvalifiserte til tilskot overskrid ramma, vil vi prioritere prosjekta ut frå vurderingskriteria. Prosjekt som kunne fått tilskot, vil på dette grunnlaget få avslag.

Søknadshandsaming og prosjekt som får støtte

- Søknadane blir vurdert av grupper samansett av folk med kompetanse på ulike fagfelt. I tillegg til tilsette i Udir henter vi inn faglege vurderingar frå mellom anna Statped og Nafo.
- Prosjekt som blir innvilga får tilsendt tilsegn i månadsskiftet mai–juni.
- Første utbetaling vil vere i midten av juni.
- I brevet du får med tilsegn, går det fram kva for plikter og rettar tilskotsmottakar har. Du skal signere og returnere tilsegnet.

Vilkår

Alle vilkåra blir lista ut i sin heilskap i tilsegnet. Prosjektet får ein terminplan som viser rapporteringsfristar og utbetalingsdatoar. Nokre av dei mest sentrale vilkåra, i tillegg til lov-/forskriftskrav, er:

- Tilskotsmottakar skal rapportere om status, framdrift og rekneskap undervegs og ved ferdigstilling. Ved sluttrapportering skal prosjektrekneskapen vere revidert av statsautorisert revisor. Informasjon om rekneskap ligg i mal for budsjett som du fyller ut for søknaden din.
- Det må gå fram at læremiddelet/det pedagogiske materialet er utarbeida med støtte frå Utdanningsdirektoratet.
- Søkaren er forplikta til å dele erfaringane med utviklinga av læremiddel med andre læremiddelutviklarar.
- Tilskotsmottakar har ansvar for at val av teknologi og driftsløysingar gir eit læremiddel som oppfyller aktuelle lov-/forskriftskrav. Det er krav til oppetid, backup og tilgjengelegheit på tvers av operativsystem/plattformer.
- Tilskotsmottakar og eventuelle samarbeidspartnarar har opphavsretten og dei immaterielle rettane til læremiddelet/materialet.

Øvrige vilkår som vil gå fram av tilsegnet (ligg føre på bokmål):

- Utdanningsdirektoratet gis en ikke-eksklusiv rett til vederlagsfritt selv, eller ved bruk av andre, å oversette innholdet i læremiddelet til samisk. Videre gjelder retten vederlagsfritt mangfoldiggjøre og tilgjengeliggjøre den samiske versjonen av læremiddelet i et hvert medium og i enhver form, herunder, men ikke begrenset til, internett.
- Utdanningsdirektoratet gis en ikke-eksklusiv rett til vederlagsfritt selv, eller ved bruk av andre, å tilrettelegge innholdet i læremiddelet til synshemmede, lesehemmede eller til personer med behov for alternativ supplerende

kommunikasjon. Videre gjelder retten vederlagsfritt mangfoldiggjøre og tilgjengeliggjøre den tilrettelagte versjonen av læremiddelet i et hvert medium og i enhver form, herunder, men ikke begrenset til, internett.

- Utdanningsdirektoratet gis en ikke-eksklusiv og vederlagsfri tilgang til prosjektet og dets innhold ved en eventuell konkurrs eller hvis tilskuddsmottaker etter tilskuddsperioden ikke lenger ønsker å videreføre læremiddelet. Retten gjelder tilgang til prosjektet med tilhørende materiale/innhold samt data, grunnlagsmateriale mv. som er nødvendig for videre drift, vedlikehold, videreutvikling og oppdatering. Dette gjelder både for trykte og digitale komponenter, samt konkretiseringsmateriell.

Kan vi gjere endringar i prosjektet?

Det er søknaden som ligg til grunn når prosjekt blir innvilga. Om det er behov for endringar, må du ta kontakt med Udir på laremiddel@udir.no så snart som mogleg. Endringane kan vere knytt til eksempelvis omfang, tekniske eller innholdsmessige løysingar, bruk av underleverandørar, framdrift og/eller økonomi. Endringsbehov skal vurderast av Udir. I vurderinga vil Udir leggje vekt på at prosjektet i sin heilskap blir varetatt i tråd med søknaden. Urettmessige endringar og/eller endringar Udir avslår, vil bli vurdert som brot på vilkåra.

Ref. tilsegnet er det kun ved «ekstraordinære omstendigheter utenfor tilskuddsmottakers kontroll» at det er aktuelt å utsetje sluttrapportering.

Aktuelle reaksjonar ved brot på vilkår kan vere:

- stopp av tilskot
- redusert tilskot
- krav om tilbakebetaling

Eit skriftlig varsel vil bli sendt om Udir meiner at vilkåra er brotne. Døme på varsel kan vere purring på manglande undervegs- eller sluttrapportering.

Mål med ordninga

I retningslinene for ordninga går det fram kva som er målet med tilskotet (bokmål):

Formålet med tilskuddsordninga er å bidra til at det blir utviklet og produsert pedagogisk

barnehagemateriell og læremidler på områder der det ikke er markedsgrunnlag for det:

- Smale fagområder
- Særskilt tilrettelagte pedagogisk barnehagemateriell/læremidler
- Læremidler for språklige minoriteter

Retningslinene for tilskotsordninga

Spørsmål om tilskotsordninga kan rettast til laremiddel@udir.no.